

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
07.06.2023

---

Møtet vart halde på Leirvåg bedehus. Før møtet starta hadde vi ei synfaaring på gravplassen.

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Gerd Solheim, Edvard Bjerkestrand, Torill Hordvik

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Anita Bakke

**Møtte ikkje:** Kine Lerøy

**Saker til førehaving:**

F – 16/23 – F – 20/23

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 16/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Vedtak:**  
**Saksliste og innkalling er godkjent.**

F – 17/23 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**  
**Gerd Solheim og Edvard Bjerkestrand**

F – 18/23 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 08.05.2023

**Vedtak:**  
**Møteboka frå 08.05.2023 vart godkjent.**

F – 19/23 ORIENTERINGAR

- Synfaring Leirvåg gravplass. Vi vurderer å flytta grava til Johannes Mongstad (krigsgrav) og gjennomfører ei synfaring på Leirvåg gravplass i den samanhengen.  
*Med på synfaringa var Idar Hopland frå Neptun Seniorklubb og Siri Kaland, som representerte slekta til Johannes Mongstad. Ho hadde drøfta dette med dei gjenlevande tantene sine og ingen hadde motforestillingar mot at gravminnet vart flytta som foreslått. Idar Hopland var også tydeleg på at Neptun ville ta på seg alle kostnadane med prosjektet. Nordhordland Grunn og Betong tek på seg arbeidet med flyttinga. I tillegg til at gravsteinen vert flytta, skal steinen pussast opp igjen. Dei skal også setja opp ei informasjonstavle i tilknytning til staden der krigsminnesmerka står. Sidan flyttinga gjeld eit konkret gravminne, som er reist over ei grav, er vurderinga at dette er ei sak som soknerrådet, som gravplassmyndigheit, kan avgjera på eiga hand.*
- Gjennomført dugnad på kyrkjelydshuset.  
*Det er gjennomført ein omfattande dugnad 2 kveldar i veka etter pinse. Alle vindaugene i kjellardelen er skrappt og malt, kjellarmuren langs inngangsparti og innkøyringa er malt, gjerde reparert og malt og heile partiet langs inngangspartiet spylt og reinska for mose og grønske.*

F – 15/23 SØKNAD OM FLYTTING AV KRIGSGRAV

*Framlegg til vedtak:*  
*Grava til Johannes Mongstad (krigsgrav) – død 1943, vert flytta til staden på Leirvåg gravplass der krigsminnesmerka står.*

**Vedtak:**  
**Grava til Johannes Mongstad (krigsgrav) – død 1943, vert flytta til staden på Leirvåg gravplass der krigsminnesmerka står.**

Bakgrunn:

Det ligg føre ein søknad frå Neptun Seniorklubb v/Idar Hopland, datert 22.januar 2023, om løyve til å flytta grava til Johannes Mongstad på Leirvåg gravplass. Ønsket er å få sett opp igjen gravsteinen på den staden der det generelle minnesmerket står og det framleis uavduka minnesmerket av Henrik O Mongstad.

Neptun Seniorklubb har fått reist eit minnesmerke for Henrik O Mongstad, som endå ikkje er avduka. Dei fekk løyve av soknerådet i fjor til å setja dette opp. I etterkant viste det seg at søknaden også skulle vore behandla av Statsforvaltaren. Grunnen til dette er at minnesmerket for Henrik O Mongstad er eit minnesmerke og ikkje ei grav. I følgje gravplassforskrifta viser det seg at krigsminnesmerke skal godkjennast av denne instansen. Dette vart ved eit mistak ikkje gjort.

Minnesmerket er reist men ikkje avduka endå, grunna ein del misforståingar og litt haltande kommunikasjon med dei nærmaste pårørande til Henrik O Mongstad. No er kontakten mellom Neptun seniorklubb og fleire av dei pårørande gjenoppretta. Planen no er at ein ønskjer å flytta grava til Johannes Mongstad og setja opp gravsteinen på tvers overfor minnesmerket til Henrik O Mongstad.

Då vil vi få ein minnestad som dannar ein U-form, der det generelle minnesmerket står i bakkant og minnesmerket for Henrik O Mongstad og gravsteinen til Johannes Mongstad står tvers overfor kvarandre. I tillegg ønskjer Neptun seniorklubb å setja opp ei informasjonstavle i tilknytning til denne minnestaden, der namna til fleire personar frå Leirvågområdet som gjorde ein krigsinnsats, vert presentert og historia fortalt.

Kyrkjeverja har hatt kontakt med nærast slekt til Johannes Mongstad og orientert om kva for planar ein har med å flytta denne gravsteinen. Eg fekk opplyst at Siri Kaland er den som er nærast i familie som det ville vera naturleg å ta kontakt med. Dette er gjort. Ho er invitert med til synfaringa. I tillegg skulle ho diskutera dette nærare med eit par av sine nolevande eldre tanter, som etter det eg forstår er nieser av Johannes.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
07.06.2023

---

### Tilstades på møtet

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Gerd Solheim, Edvard Bjerkestrand, Torill Hordvik

**Varamedlemmer:** Linda Skålevik Syslak.

### Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland, Hege Ramsland.

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Anita Bakke

**Desse møtte ikkje:** Kine Lerøy

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 06/23 – S - 08/23

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 06/23 ORIENTERINGAR

- Avslutningsgudstenesta for Rune Minde, 11.juni.  
**Heile soknerådet vert oppfordra til å stilla.**
- Open kyrkje sommaren 2023 – organisering av tiltaket.  
**Heile juli, torsdag til søndag kl 14.00 – 18.00. Bestilt nytt opptrykk av brosjyra med ein del rettingar. Samarbeid mellom soknerådet og sogelaget.**

S- 07/23 GODKJENNING AV FØREHANDSRØYSTING KYRKJEVALET

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner, med heimel i «Forskrift om regler for valg av menighetsråd og.....» plan for førehandsrøysting på papir til kyrkjevalet på følgjande måte:*

- *Førehandsrøysting på Nordliheimen – fredag 1.september mellom kl 10.00 og 12.00.*
- *Førehandsrøysting på kyrkjekontoret tysdag 29.august 15.00 – 18.00 og tysdag 5.september 15.00 – 18.00.*
- *Førehandsrøysting på kyrkjekontoret torsdag 31.august 15:00 – 20.00*
- *Førehandsrøysting i etterkant av gudstenesta 27.august kl 11.00 – 13.00*
- *Valstyret (soknerådet) delegerer til AU å oppnemna inntil 4 personar som valmedarbeidar til førehandsrøystinga. Det skal vera minst 2 medarbeidarar tilstades i samband med førehandsrøystinga.*

Vedtak:

- **Førehandsrøysting på Nordliheimen – fredag 1.september mellom kl 10.00 og 12.00.**
- **Førehandsrøysting på kyrkjekontoret tysdag 29.august 15.00 – 18.00 og tysdag 5.september 15.00 – 18.00.**
- **Førehandsrøysting på kyrkjekontoret torsdag 31.august 15:00 – 20.00**
- **Førehandsrøysting i etterkant av gudstenesta 27.august kl 11.00 – 13.00**
- **Valstyret (soknerådet) delegerer til AU å oppnemna inntil 4 personar som valmedarbeidar til førehandsrøystinga. Det skal vera minst 2 medarbeidarar tilstades i samband med førehandsrøystinga.**
- **Valstyret (soknerådet) delegerer til AU å oppnemna medarbeidarar til valdagen.**
- **Valstyret (soknerådet) arrangerer ein stand på Mastrevik Torg ein laurdag i forkant av sokneårdsvalet.**

**Bakgrunn:**

Framlegg til plan for førehandsrøysting på papir følger valforskrifta for kyrkjval sitt minimumskrav. Forskrifta definerer spesifikt at siste torsdag i valåret, så skal ein ha eit tilbod om førehandsrøysting mellom kl 15:00 og 20:00.

Kyrkjeverja har gjort avtale med Nordliheimen om tidspunkt for førehandsrøysting der. Vidare må ein ha eit tilbod førehandsrøysting knytt opp til ei gudsteneste.

Førehandsrøysting på papir kan skje i tidsrommet mellom 10.august til og med 7.september.

Det vil i år vera høve for å gje si stemme digitalt. Dette kan skje i tidsrommet mellom kl 09.00 torsdag 10.august og til og med utgangen av onsdag 6.september. Nærare informasjon vil (truleg) koma når tidspunktet nærmar seg.

Det skal i prinsippet vera mogeleg å avgje stemme fleire gonger, men det er slik at sist avgitte stemme, enten den er elektronisk eller på papir, skal vera gjeldande.

S 08/23

MØTEPLAN HAUSTEN 2023:

**Framlegg til vedtak:**

AU:

- onsdag 16.august
- onsdag 11.oktober
- onsdag 22.november

SR:

- Onsdag 6.september
- Onsdag 1.november (felles møte gml og nytt sokneråd)
- Onsdag 6.desember

**Vedtak:**

AU:

- onsdag 16.august (AU avgjer sjølv ev flytting av møtet i oktober – grunna haustferien)
- onsdag 11.oktober
- onsdag 22.november

SR:

- Onsdag 6.september
- Onsdag 1.november (felles møte gml og nytt sokneråd)
- Onsdag 6.desember